

## RETNINGSLINER FOR FORVALTNING AV VERNSKOG, jfr. skogbrukslova § 33.

### 1. Meldeplikt.

Skogeigar har meldeplikt for all hogst i vernskog med unntak for hogst av ved. (Alternativ: ved til eigne husvære og salskvantum på mindre enn 20 m<sup>3</sup>). Melding på fastlagt skjema skal sendast til skogbrukssjefen seinast 1 måned før drift er tenkt satt i gang.

Skogeigar har rett på svar innan 3 veker etter at skogbrukssjefen har motteke meldinga. Svaret kan anten vera avgjersle om hogst eller varsel om synfaring. Dersom synfaring er naudsynt, skal skogeigar ha endeleg svar innan 5 veker.

### 2. "Blinking".

Omgrepet "blinking" i skogbrukslova § 33 er ikkje krav om at det må setjast merke på kvart einskild tre som skal takast ut, men det omfattar og utvisning av hogstflater og annan godkjenning av hogstopplegg.

Skogbrukssjefen er ansvarleg for "blinkinga", men arbeidet kan utførast av andre (m.a. skogeigar) som skogbrukssjefen har godkjent.

### 3. Retningsliner for hogst.

Ved hogst i vernskog bør det setjast att eit urørt belte øvst i barskogen, og hogstflater bør som regel avsluttast minst 50 meter vertikalt under skoggrensa mot fjellet.

I tett bjørkeskog vil avstandsregulering, tynning og plukkhogst av ved vera nyttig med tanke på å skape ein meir robust og variert vernskog og betre viltbiotopar.

I barskog på uproduktiv mark (impediment) kan det berre takast ut einskilde tre og mindre tregrupper, der det alt er eller kan bli naturleg forynga skog.

Før meir vanleg tømmerhogst blir satt i gang på produktiv mark (produksjonsevne større enn 0,1 m<sup>3</sup> pr. da og år), må det takast stilling til korleis ny skog kan bli etablert og hogsten må tilpassast etter dette. Naturleg forynging bør prioriterast, og yngre tre og tregrupper bør sparast. Dersom planting er naudsynt, må det skaffast greie på om høvelege planter kan skaffast.

Det må takast omsyn til skogen på naboeigedomar, både til eksisterande hogstfelt og skogen elles. Flatehogst på ein eigedom kan nektast dersom naboen alt har maksimal flatestorleik inn mot eigedomsgrensa.

#### 3.1. Omsyn til lokalkliaet.

I klimatisk utsatte områder (serleg vind og frostutsatte areal) må det leggjast vekt på å oppretthalde preget av skog over tid. Dette kan gjerast ved "fjellskoghogst",



som er ein kombinasjon av gjennomhogst og småflatehogster i høve til skogtilstanden. Etter gjennomhogst må det stå att nok av reaksjonsdyktige tre til å sikre vidare skogproduksjon, eller bli skapt vilkår for naturleg fornying av skogen. Småflatene bør sjeldan vera større enn kring 2 dekar, og det må leggjast ekstra vekt på å oppnå stormsterke flatekanter.

I mindre klimatisk utsatte områder (lune lier m.v.) kan det tålast større hogstflater, men sjeldan større enn ca. 5 dekar. Her bør ein og nytte "fjellskoghogst", m.a. der det er fleiraldra skog.

### 3.2. Omsyn til naturmiljø og friluftsliv.

Ved hogst skal det sparast tre og tregrupper som er karakteristiske for fjellskogen, m.a. kraggfuru og vridde tre. Det må og sparast ein del turre og nesten daue tre av omsyn til spesielle dyre- og plantearter. Det bør leggjast vekt på å skape variasjonar mellom treslag, der dette høver av omsyn til skogproduksjonen.

Ved flatehogst bør storleik og avgrensning av flatene tilpassast både etter skogtilhøva og linjedrag i terrenget. Lengdeutstrekning av hogstflatene bør følgje kotene (ikkje opp og ned lia), og over kollar og åsryggar bør skog sparast. Det må leggjast vekt på å få "mjuke og grøne" flatekantar, og det skal setjast att kantsoner av skog, m.a. mot myrer, vatn, bekke drag og stølsvollar.

### 4. Skogsdrift.

Skogsdrift i vernskog bør i størst mogeleg utstrekning skje på frose mark. Bruk av utstyr og driftsmåte må tilpassast slik at ein mest mogeleg unngår sår i terrenget. Eventuelle sår må utbetrast snarast mogeleg, jfr. § 16 i skoglova.

### 4. Eigne reglar for vernskog fastlagt i forskrift.

I gjeldande forskrifter finst det fylgjande spesielle reglar for vernskog:

Planlegging og godkjenning av skogsvegar, forskrift av 01.11.91.

"Ved melding om planlagt vegbygging i vernskog skal det legges fram et forslag til samlet utdriftsplan for vegens dekningsområde."

"Ved tillatelse til vegbygging i vernskog skal det fastsettes en samlet utdriftsplan som sikrer at skogsdrift og foryngelse i vegens dekningsområde skjer i tråd med skogbrukslovens vernskogbestemmelser."

Statstilskot til skogbruksplanlegging, forskrift av 11.01.90.

"Hensynet til friluftsliv og naturmiljø skal være innarbeidet i behandlingsforslagene. I vernskog skal behandlingsforslagene være tilpasset de særlige regler som gjelder for slik skog."

Statstilskot til skogkultur og skogreising, forskrift av 15.05.91.

Etter forskrifta § 2, pkt. A er forhåndsgodkjenning av skogbrukssjefen naudsynt for å oppnå statstilskot til skogkultur og skogreising i vernskog. I rundskriv M 57/91 frå Landbruksdepartementet er det fylgjande kommentar til dette:

"Skogbrukssjefens vurderinger må i denne sammenheng baseres på skogbrukslovens §§ 32 og 33 slik at man sikrer et utholdende skogbruk tilpasset forholdene på stedet, og at det tas nødvendige hensyn til naturmiljø og friluftsliv, jfr. skogbrukslovens § 1. Dette gjelder både foryngelse, treslagsvalg og øvrige skogkulturtiltak."

Statstilskot til drift i vanskeleg terrenq, forskrift av 29.10.85.

"Det skal ikke gis statstilskudd i vernskog eller annen skog opp mot skoggrensen uten at "blinking" er utført av skogbrukssjefen eller av personer som er godkjent av fylkesskogsjen, jfr. lov om skogbruk og skogvern § 33."

\*\*\*\*\*